



22.06.2011

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep

0030 Oslo.

Arkivsak: 11/575
Løpenr.: 11/7321
Sakshandsamar:
Jan Kåre Norberg

Melding om politisk behandling - Eigedomsskatt på kraftverk - uttale

Vi viser til høringsnotat datert 15.4.2011.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 16.06.2011, sak 43/11:

Luster kommunestyre vil gje slik uttale til Finansdepartementet sitt høringsnotat om eigedomsskatt for kraftverk:

1. Finansdepartementet sine forslag til endringar kan oppsummerast slik:
 - a) Minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftverk vert behalde.
 - b) Det vert tilrådd ei viss inflasjonsjustering for åra framover
 - c) Ein vurderer ein auke i risikotillegget i kapitaliseringsrenta og om det er grunnlag for å gå nærare inn på den risikofrie renta.
2. Finansdepartementet har i sitt høringsnotat unnlate å nemne:
 - a) At ordninga med minimums- og maksimumsverde var tenkt å vere mellombels.
 - b) At Stortinget aldri har meint å gå bort frå det grunnleggjande prinsippet om å treffe eigedomen sin reelle omsetningsverdi.
 - c) At alle andre eigedomskategoriar vert taksert etter reell omsetningsverdi. Dette gjeld også store industriverksemder og store olje- og gassanlegg.
 - d) At naturressursskatten går til utjamning i inntektssystemet og har vore konstant frå innføringstidspunktet.
3. Finansdepartementet hevdar at primærkommunane sine inntekter har auka "betydelig" dei siste åra. Det ein ikkje opplyser er at storparten gjeld utbytte og grunnrenteskatt som i stor grad har kome staten og Oslo kommune til del.
4. Finansdepartementet viser kva konsekvens ei oppheving at maksimumstaket vil få for kommunane sin eigedomsskatt, men tek ikkje med konsekvensen av ev. auka kapitaliseringsrente.

5.

ADRESSE: Rådhuset 6868 GAUPNE	TELEFON: Sentralbord: 57 68 55 00	TELEFAX: 57 68 55 01	E-POST ADRESSE: postmottak@luster.kommune.no	ORGANISASJONSNR. 964 968 241 Bankgiro: 3785.07.00142
--	--	--------------------------------	--	---


5. Luster kommune har frå 2007-11 hatt slik eigedomsskatteinntekt frå kraftverk (mill kr):

2007	2008	2009	2010	2011
53,7	54,2	53,5	54,0	53,3

Tala viser at kommunen i heile perioden har nådd taket for eigedomskatt og at denne har vore utskriven med tilnærma same kronesum. Realverdien har altså gått kraftig ned. Dette har skjedd i ei tid der kraftprisar og eigarutbyte har auka vesentleg.

6. Luster kommune vil på det sterkaste tilrå at maksimumsverdien for utskriving av eigedomsskatt på kraftverk vert fjerna. I så fall kan kapitaliseringsrenta hevast, men berre til eit stabilt og føreseieleg nivå. Etter kommunen sitt syn bør dette kunne vere på 5,0–5,5 %. Dette vil gje ein moderat inntektsauke for dei 200 kommunane dette gjeld. Ei slik ordning vil også fjerne grunnlaget for påstandar om at maksimumsordninga inneber ulovleg statsstøtte, og vil føre til at ein gjeninnfører dei eigedomsskattelegane som samsvarar med prinsippa i eigedomsskatteretten elles.
7. Luster kommune har den siste tida hatt og har store utbyggingssaker til handsaming. Dette gjeld både tilleggsutbyggingar til Hydro sine anlegg i Fortun og Statkraft sine anlegg i Jostedal. Dette er såleis ei viktig sak for Luster kommune.
8. Luster kommune viser elles til uttale frå LVK som vi gjev våre fulle tilslutning til.

Med helsing


Jan Kåre Norberg
seniorkonsulent

Kopi til: LVK,

Pb 1148 Sentrum
0104 Oslo